# Reguleringsplan ”Lomen Industriområde aust”

Dato: 17.04.2002

**Reguleringsføresegner:**

**0. Generelle føresegner:**

1. Dersom det i samband med tiltak i marka vert funne freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast dersom det rører ved kulturminnet eller sikringssona rundt på 5 meter, jfr. lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnevernstyresmaktene i Oppland fylkeskommune, slik at vernestyresmaktene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.

2. Gjeldande renovasjonsordning i V. Slidre kommune skal til ein kvar tid gjelde.

**1. Byggeområde – industri**

3. Innanfor industriområdet kan areal oppdelast etter dei einskilde bedrifter sine behov, etter grenser som i kvart einskild tilfelle skal godkjennast av planutvalet. Parsellane skal ha mest muleg regelmessig form.

4. Alle byggesøknader skal behandlast av planutvalet i V. Slidre kommune. I tilfelle der kommunen meiner det er naudsynt, kan det stillast krav om bebyggelsesplan, jfr. plan- og bygningslova § 28-2.

5. Tomtene i området skal ha ein utnyttingsgrad på inntil 50% (TU=50%), jfr. teknisk standard. Maksimal mønehøgd over gjennomsnitteleg planert terreng er 12 meter. Takvinkelen skal vere mellom 15 og 30 grader.

6. Ubebygd areal på tomta skal gjevast ei tiltalande utforming. Inngjerding av parsellane må meldast til planutvalet, som skal godkjenne plassering, høgde, matreialval, konstruksjon og farge på gjerdet.

7. Alt behov for parkering skal løysast inne på kvar einskild tomt.

**2. Offentleg trafikkområde**

8. I kryssa mot E16, stamvegen Oslo-Bergen, er det regulerte frisiktsoner på 150 meter til båe sider for kryssa.

9. Vegar i området har ei regulert breidde på 10, 12 eller 20 meter. Nødvendig vegareal, grøfter, skuldre osv. skal etablerast innanfor arealet som er regulert til formålet.

**3. Spesialområde**

10. Området regulert til spesialområde steinbrot, skal fungere som industritomt når masseuttaket er ferdigstilt. Området skal til kvar tid vere sikra for å unngå skade på personar og beitedyr. Konkrete tiltak, samt ansvarsforhold, skal avklarast gjennom byggemelding, der driftsplanen vist på kartet skal leggast til grunn.

11. Sprenging og knusing skal berre skje på kvardagar (måndag-fredag) i tidsrommet mellom klokka 07 og 16, og all sprenging og knusing er forbudt i tidsrommet 15. februar til 20. mai. Annan produksjon skal vere tillatt på kvardagar mellom klokka 07 og 20. På laurdagar kan uttransport skje i perioden 08-13. Lasting, sprenging og anna arbeid skal ikkje skje i tilknytnad til høgtider.

12. Masseuttak skal ikkje skje under kote 405.

13. Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrasser, der det skal fyllast i jord og såast/ plantast til med stadeigne vekster. Etter at uttaket i steinbrotet er avslutta skal tomta etablerast som ei næringstomt. Dette skal avklarast i samband med byggjesøknad.

14. Innanfor området regulert til V/A 1, er det etablert eit infiltrasjonsanlegg. V/A 2 er ein pumpestasjon for vatn.

15. Området regulert til Spesialområde privat veg, er ein landbruksveg. Breidda på denne vegen skal ikkje overstige 3 meter, samt 0,5 meter skulder på kvar side.

16. I området regulert til spesialområde friluftsområde, skal det ikkje gjerast fysiske inngrep som reduserer området sine kvalitetar. Hogs/ rydding av kratt skal godkjennast av kommunen.




## Reguleringsplan ”Lomen Industriområde aust”

Dato: 17.04.2002

**Reguleringsføresegner:**

**0. Generelle føresegner:**

1. Dersom det i samband med tiltak i marka vert funne freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast dersom det rører ved kulturminnet eller sikringssona rundt på 5 meter, jfr. lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnevernstyresmaktene i Oppland fylkeskommune, slik at vernestyresmaktene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.

2. Gjeldande renovasjonsordning i V. Slidre kommune skal til ein kvar tid gjelde.

**1. Byggeområde – industri**

3. Innanfor industriområdet kan areal oppdelast etter dei einskilde bedrifter sine behov, etter grenser som i kvart einskild tilfelle skal godkjennast av planutvalet. Parsellane skal ha mest muleg regelmessig form.

4. Alle byggesøknader skal behandlast av planutvalet i V. Slidre kommune. I tilfelle der kommunen meiner det er naudsynt, kan det stillast krav om bebyggelsesplan, jfr. plan- og bygningslova § 28-2.

5. Tomtene i området skal ha ein utnyttingsgrad på inntil 50% (TU=50%), jfr. teknisk standard. Maksimal mønehøgd over gjennomsnitteleg planert terreng er 12 meter. Takvinkelen skal vere mellom 15 og 30 grader.

6. Ubebygd areal på tomta skal gjevast ei tiltalande utforming. Inngjerding av parsellane må meldast til planutvalet, som skal godkjenne plassering, høgde, matreialval, konstruksjon og farge på gjerdet.

7. Alt behov for parkering skal løysast inne på kvar einskild tomt.

**2. Offentleg trafikkområde**

8. I kryssa mot E16, stamvegen Oslo-Bergen, er det regulerte frisiktsoner på 150 meter til båe sider for kryssa.

9. Vegar i området har ei regulert breidde på 10, 12 eller 20 meter. Nødvendig vegareal, grøfter, skuldre osv. skal etablerast innanfor arealet som er regulert til formålet.

**3. Spesialområde**

10. Området regulert til spesialområde steinbrot, skal fungere som industritomt når masseuttaket er ferdigstilt. Området skal til kvar tid vere sikra for å unngå skade på personar og beitedyr. Konkrete tiltak, samt ansvarsforhold, skal avklarast gjennom byggemelding, der driftsplanen vist på kartet skal leggast til grunn.

. Sprenging og knusing skal berre skje på kvardagar (måndag-fredag) i tidsrommet mellom klokka 07 og 16, og all sprenging og knusing er forbudt i tidsrommet 15. februar til 20. mai. Annan produksjon skal vere tillatt på kvardagar mellom klokka 07 og 20. På laurdagar kan uttransport skje i perioden 08-13. Lasting, sprenging og anna arbeid skal ikkje skje i tilknytnad til høgtider.

. Masseuttak skal ikkje skje under kote 405.

. Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrasser, der det skal fyllast i jord og såast/ plantast til med stadeigne vekster. Etter at uttaket i steinbrotet er avslutta skal tomta etablerast som ei næringstomt. Dette skal avklarast i samband med byggjesøknad.

. Innanfor området regulert til V/A 1, er det etablert eit infiltrasjonsanlegg. V/A 2 er ein pumpestasjon for vatn.

. Området regulert til Spesialområde privat veg, er ein landbruksveg. Breidda på denne vegen skal ikkje overstige 3 meter, samt 0,5 meter skulder på kvar side.

. I området regulert til spesialområde friluftsområde, skal det ikkje gjerast fysiske inngrep som reduserer området sine kvalitetar. Hogs/ rydding av kratt skal godkjennast av kommunen.




## TEIKNFORKLARING

**PBL. §20-4 REGULERINGSFØREMÅL**

**1. BYGGEOMRÅDE**
- Område for industri/lager

**2. LANDBRUKSOMRÅDER**
- Område for jord- og skogbruk

**3. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDER**
- Offentleg veg

**6. SPESIALOMRÅDER**
- Område for masseuttak-steinbrot
- Fareområder
- Vern (vist på kartet når innmålt)
- Spesialområde Friluftsområde
- Vatn- og avlaupsanlegg
- Spesial omr. Friluftsomr./ vatn
- Spesial omr. Privat veg

**STREKSYMBOL M.V.**
- Planen si avgrensning
- Grense for reguleringsføremål
- Byggjegrense
- Regulert senterline veg

Ekvidistanse : 5 meter

Målestokk 1: 2000

N

# Lomen Industriområde - aust

# VESTRE SLIDRE KOMMUNE

**Kartgrunnlag FKB-C**

| SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA | Saksnr. | Dato | Sign |
|---|---|---|---|
| **REVISJONAR** | | | |
| Kunngjering om oppstart av planarbeidet | | 02.05.2001 | |
| Handsaming i det faste utvalet for plansaker 1. gong | 0010/02 | 25.04.2002 | |
| Utlegging til offentleg ettersyn frå 11.05.2002 til 13.06.2002 | | | |
| Handsaming i det faste utvalet for plansaker 2. gong | 0005/03 | 08.05.2003 | |
| Utlegging til offentleg ettersyn frå til | | | |
| Handsaming i det faste utvalet for plansaker 3. gong | | | |
| Kommunestyrevedtak | 0033/03 | 26.06.2003 | |

**Planen er utarbeidd av:**
**V. Slidre kommune, etaten for landbruk/ næring og teknisk**
Knut Vidar Svanheld, plan- og næringskonsulent

DATO : 27.06.2003

# TEIKNFORKLARING

## PBL. §20-4 REGULERINGSFØREMÅL

### 1. BYGGEOMRÅDE

Område for industri/lager

### 2. LANDBRUKSOMRÅDER

Område for jord- og skogbruk

### 3. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDER

Offentleg veg

### 6. SPESIALOMRÅDER

Område for masseuttak-steinbrot

Fareområder

Vern (vist på kartet når innmålt)

Spesialområde Friluftsområde

Vatn- og avlaupsanlegg

Spesial omr. Friluftsomr./ vatn

Spesial omr. Privat veg

## STREKSYMBOL M.V.

Planen si avgrensning

Grense for reguleringsføremål

Byggjegrense

Regulert senterline veg

Ekvidistanse : 5 meter

Målestokk 1: 2000

N

# Lomen Industriområde - aust

# VESTRE SLIDRE KOMMUNE

**Kartgrunnlag FKB-C**

| SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA | Saksnr. | Dato | Sign |
|---|---|---|---|
| **REVISJONAR** | | | |
| Kunngjering om oppstart av planarbeidet | | 02.05.2001 | |
| Handsaming i det faste utvalet for plansaker 1. gong | 0010/02 | 25.04.2002 | |
| Utlegging til offentleg ettersyn frå 11.05.2002 til 13.06.2002 | | | |
| Handsaming i det faste utvalet for plansaker 2. gong | 0005/03 | 08.05.2003 | |
| Utlegging til offentleg ettersyn frå til | | | |
| Handsaming i det faste utvalet for plansaker 3. gong | | | |
| Kommunestyrevedtak | 0033/03 | 26.06.2003 | |

**Planen er utarbeidd av:**
**V. Slidre kommune, etaten for landbruk/ næring og teknisk**
Knut Vidar Svanheld, plan- og næringskonsulent

DATO :
27.06.2003